

# Referat foreldrerådsmøte

---

**20.09.18**

Ca.halvparten av heimane på skulen møtte. FAU-leiar, Jannicke Steindal Nordanger, kunne ikkje møte. Møtet vart difor leia av rektor Vigdis Villanger.

- gjennomgang av årsmeldinga til FAU. Godkjent utan innvendingar.
- Gjennomgang av rekneskapet for skuleåret 17/18 ved Marit Ystebø. Godkjent utan innvendingar.
- Nytt FAU konstituert/val:

Leiar: Therese Mjøs-Bendiksen

Nestleiar: Jan Ove Brandsæter

Skrivar: Silje Namtvedt

Kasserar: Marit Ystebø

- 17.mai har fram til no vore 5.trinn sitt ansvar. Det er få elevar framover, og FAU foreslår difor ei ny ordning der 4.-5.trinn har ansvar saman for organiseringa. Det er og viktig at det blir eit fellesprosjekt for alle forledre på skulen, og ein må i større grad involvera bygdefolket for å ha nok folk til kakebaking, dugnad osv. Korleis kan ein få dette arrangementet betre? FAU burde gjerne hatt eit eige 17.mai-møte for å klargjere desse tinga. Ein bestemmer at det blir 4.-5.trinn som får ansvaret inntil eventuelt anna blir bestemt i FAU.

- FAU/skulen ynskjer kurs frå « Barnevakten» om bevisstgjering rundt mediebruk. Det blir i så fall eit kurs for elevane på dagtid og foreldre på kveld. Dette er ganske dyrt, men kommunen har sagt at dei kan ta denne utgifta. Det blei avtalt at ein prøver å få dette til før jul. Skulen håper at flest mogleg foreldre stiller opp på eit slikt viktig arrangement.

- FAU har litt pengar til overs, og lurar på om det er noko skulen tenker at FAU kan «spandere» på elevane. Skulen foreslår ein utflukt til VilVite-senteret på våren for 1.-6.trinn. Skulen undersøker vidare rundt kostnader til dette.

- Foreldra etterlyser eventuelle innspel til ny trafikkisikringsplan frå 2020. Har skulen uttalt seg i forhold til dette? Fristen for innspel er gått ut, men Vigdis undersøker om det eventuelt kan meldast inn i etterkant.

- Skulen presenterte sine lærarar. Dei opplever samarbeidet med foreldra som godt. Det er viktig at me fortset dette gode arbeidet, og at ein får eit endå betre/tettare samarbeid. Det

er viktig at foreldre tek kontakt med skulen dersom det er noko som ikkje fungerer. Skulen kan ikkje gjera noko med det dei ikkje veit om! Det blir viktig med positiv omtale av skulen framover, ein må snakka positivt om det som er bra.

-rektor presenterte handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø og skulen sin nye verksemdsplan. Det er spesielt fokus på læringsmiljø, språk/lesing og innføring av ny læreplan i åra framover.

-rektor viste korleis barna kan få kontakt med det ny mobbeombodet i Hordaland, som er ein kanal for spesielt barn, men også foreldre, som opplever einsemd, utestenging eller mobbing. Dette blir informert om til elevane gjennom ulike kanalar på skulen.

- Til slutt viste rektor nokre videoar frå FUG som sa noko om forventningar til foreldre, og om heim/skule-samarbeid.

Linn Merete Myrtveit

skrivar